



Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/5826-5

## **Spelemidlar til idrettsanlegg 2018 - fordeling av restmidlar og inndregne midlar**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:**

- Det vert løyvd 243 000 kr. i restmidlar til følgjande anlegg:

Anleggs-nummer	Kommune	Anleggs-type	Anleggs-kategori	1.søk år	Kommunal prioritet	Søkjar	Tilskot
1797	Sogndal	Kunstgras, rehabilitering	Ordinære anlegg	2017	10	Sogndal Fotball	243 000

### **Vedlegg:**

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Saksframstilling – tildeling til idrettsanlegg 2018 – sak 34/18 – saks.nr. 18/5826
- Elektroniske søknader

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur å løyve resterande midlar til eitt anlegg, der dette er eigmeldt av frivillig sektor. Anlegget er ferdig utbygd og har levert revidert rekneskap. Anlegget fekk tildeling i sak om tildeling av spelemidlar av 30.mai d.å. og har rett på å kunne få meir midlar enn allereie løyvde midlar.

### **2. Bakgrunn for saka**

Gjennom rundskriv av V-0732 N datert 15. juni 2018, har Kulturdepartementet gjeve retningslinjer for tilskot frå spelemidlane. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kommunale planar og prioriteringslister gjev føringer for kva anlegg som vert prioritert for spelemidlar kvart år.

Spelemiddelordninga er delt i to ordningar, ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Til saman kom det i 2018 inn 294 godkjende søknadar om tilskot med ein samla godkjend søknadssum på om lag 238 mill. kr. Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk tildelt 59,471 mill. kr. og saman med inndregne midlar og rentemidlar vart det i HNK-sak 34/18 tildelt 61,346 mill. kr. til 105 søknader.

Til klagebehandling etter tildelinga i sak 34/18 stod det att 240 000 kr. Det kom ingen klagesaker og fylkesdirektøren vel å rá til å tildele søknader no mot normalt å vente til neste års tildeling. I perioden etter tildeling og fram til no er det også inndrege midlar, som gjeld anlegg som har blitt

rimeligeare enn budsjettert eller anlegg som ikkje er etablert som planlagt. Fylkesdirektøren ynskjer å vente med tildeling av inndregne midlar til HNK møter etter 31.12.2018 når vi har god oversikt på omfanget av inndregne midlar i 2018.

Til fordeling i saka no vert det såleis:

Restmidlar	kr. 240 000
Inndregne midlar	kr. 3 000
Tilgjengeleg til fordeling no	kr. 243 000
Framlegg til fordeling no	kr. 243 000

Skulle det komme klager på denne tildelinga, vil desse bli vurdert på vanleg måte, og då slik at om klagar får medhald, vil tildelinga skje ut frå ramma fylkeskommunen får til fordeling i 2019.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### **3.1 Prioriteringar ved tildeling av spelemidlar**

Ved vurdering av ytterlegare løvning rår fylkesdirektøren til å leggje til grunn same prinsipp og prioritering som ved førre løvning. Her vart det lagt vekt på å følgje kommunane sine prioriteringar, samt å prioritere å tildele midlar til anlegg med ein lågare prioritet dersom anlegget er ferdig og revidert anleggsrekneskap ligg føre. Kulturdepartementet legg i sitt tildelingsbrev opp til at anlegg som kan få tildelt meir midlar, skal prioriterast framom nye tildelingar slik at desse slepp å fornye sine søknader for 2019. Slik oppnår vi god bruk av midlane og effektiv sakshandsaming. Det vert også lagt til grunn eit prinsipp frå fylkeskommunen om å tildele frivillig sektor sine anlegg framom kommunale og fylkeskommunale så langt dette let seg gjere.

I løpet av 2018, har fylkeskommunen fått inn fleire reviderte anleggsrekneskap for anlegg som har fått tildeling i 2018 og som kan få meir midlar dersom dei gjentek søknaden for 2019. Den samla verdien av desse er ikkje så høg som tilgjengeleg ramme og fylkesdirektøren vel derfor å prioritere eitt anlegg som er nær tilgjengeleg ramme. Det er også ein fordel å tildele anlegg som er prioritert i handlingsprogrammet i regional plan, slik at ventetida for desse anlegga går ytterlegare ned. Ved tilsvarande rest-tildeling i 2017, var det også fokus på å tildele anlegg i regional plan. Sogn og Fjordane fylkeskommune er i gang med å utforme ein ny anleggs- og tildelingspolitikk saman med Hordaland fylkeskommune og det kan vere nyttig å tildele i dette handlingsprogrammet for å skape handlingsrom før 2020.

Sogndal Fotball har lagt om til kunstgras frå naturgras ved Kvåle stadion i 2017. Heile anlegget med lys og tribuneanlegg er rusta opp. Anlegget fekk tildeling på 2 149 000 kr. i sak om tildeling av spelemidlar av 30.mai d.å. og revidert rekneskap viser godkjend tilskotsbeløp på 2 392 000 kr.

#### **3.2 Samhandling med idrettskrinsen**

Fylkesdirektøren samhandlar tett med m.a. Sogn og Fjordane idrettskrins når det gjeld informasjon og skulering om spelemiddelordninga. Det er også naturleg å drøfte framlegg til fordeling med dei og dette er gjort i form av munnleg og tilsend presentasjon. Det er gitt tilbakemelding med positiv tilråding.

### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka, og dei forslag til prioriteringar som er gjort. Fylkesdirektøren rår til vedtak i samsvar med forslag til vedtak.